

ØYGARDEN BUSTADFORVALTNING KF - STYRET

MØTEPROTOKOLL

Møtedato:	09.03.2026
Møtestad:	Kommunedelsenter Skogsvåg - Møterom Lutatangen
Møtetid:	Kl. 14:30 - 17:00

Medlemer som møtte
Hege Renathe Glesnes
Torill Selsvold Nyborg
Trygve Andreas Wåge
Øyvind Atle Langedal

Medlemer med forfall	Vara som møtte
Egil Haaland	Elna Nybakk

Møteleiar	Øyvind Atle Langedal
Møtesekretær	Nina Glesnes

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev difor ingen signatur.

Sakliste:

Sak nr.	Sakstittel	Uoff
005/26	Godkjenning av innkalling og sakliste, samt merknadar til protokoll	
006/26	Referatsaker og orienteringar	
007/26	Rekneskapsrapport pr. Februar 2026	
008/26	Årsrekneskap 2025 - Øygarden Bustadforvaltning KF	
009/26	Årsmelding ØBF driftsåret 2025	
010/26	Hidlamyrvegen 3 - heildøgnsomsorg - drøfting av økonomisk modell for drift av bygget	
011/26	Byggforsikring KLP - 2026	
012/26	Spørsmål	

005/26: Godkjenning av innkalling og saksliste, samt merknadar til protokoll

Forslag til vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjend utan merknader. Styret etterlyser signering av godkjende protokollar. Det vart brukt tid på å drøfte referatsak 02/26 Samordna bustadforvaltning og prosjektmandatet. Dette kunne vore kommentert i protokollen frå møtet. Framtidige protokollar blir sendt styret til godkjenning før ferdigstilling i møteportal.

Behandling i Øygarden bustadforvaltning KF - styret 09.03.2026:

Votering

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Øygarden bustadforvaltning KF - styret 09.03.2026 - saksnr. 005/26

Innkalling og saksliste vart godkjend utan merknader. Styret etterlyser signering av godkjende protokollar. Framtidige protokollar blir sendt styret til godkjenning før ferdigstilling i møteportal.

006/26: Referatsaker og orienteringar

Forslag til vedtak

Referatsakene og eventuelle orienteringar vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Behandling i Øygarden bustadforvaltning KF - styret 09.03.2026:

REFERATSAKER

Det var ingen merknader til referatsakene.

ORIENTERINGAR

I forkant av styremøtet vart det gjort befarings på Robustbustaden som er plassert på Klokkeparken. Styret fekk ei positiv oppleving av bustaden.

Referat frå eigarmøte vart gjennomgått og supplert muntleg. Det er beramma møte i styringsgruppa for samordna bustadforvaltning 13.03. Styreleiar Øyvind Langedal deltek saman med Torill S Nyborg.

Det var ingen merknader til orienteringane.
Eventuelle presentasjonar vert lagt ved denne saka.

Votering

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Øygarden bustadforvaltning KF - styret 09.03.2026 - saksnr. 006/26

Referatsaker og eventuelle orienteringar vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

007/26: Rekneskapsrapport pr. Februar 2026

Forslag til vedtak

Styret tek rekneskapsrapport pr. Februar 2026 til vitande slik den ligg føre.

Behandling i Øygarden bustadforvaltning KF - styret 09.03.2026:

Vedtak i Øygarden bustadforvaltning KF - styret 09.03.2026 - saksnr. 007/26

Styret tek rekneskapsrapport pr. Februar 2026 til vitande slik den ligg føre.

008/26: Årsrekneskap 2025 - Øygarden Bustadforvaltning KF

Forslag til vedtak

Rekneskapen for 2025 er ferdigført med eit netto driftsresultat på kr -102 425,90. Avsetjingar til disposisjonsfond er kr 102 425,90. Rekneskapen for 2025 blir teken til vitande slik det ligg føre.

Behandling i Øygarden bustadforvaltning KF - styret 09.03.2026:

Vedtak i Øygarden bustadforvaltning KF - styret 09.03.2026 - saksnr. 008/26

Rekneskapen for 2025 er ferdigført med eit netto driftsresultat på kr -102 425,90. Avsetjingar til disposisjonsfond er kr 102 425,90. Rekneskapen for 2025 blir teken til vitande slik det ligg føre.

009/26: Årsmelding ØBF driftsåret 2025

Forslag til vedtak

Styret i ØBU KF gjer slikt vedtak i saka:

1. Årsmeldinga gjev eit godt bilete på aktiviteten i føretaket dette året, og blir vedteken slik den ligg føre.
2. Administrasjonen får fullmakt til å utføra eventuelle redaksjonelle endringar i årsmeldinga.
3. Årsmeldinga for 2025 blir oversendt eigar innan fristen 31.03.2026.

Behandling i Øygarden bustadforvaltning KF - styret 09.03.2026:

Vedtak i Øygarden bustadforvaltning KF - styret 09.03.2026 - saksnr. 009/26

Styret i ØBU KF gjer slikt vedtak i saka:

1. Årsmeldinga gjev eit godt bilete på aktiviteten i føretaket dette året, og blir vedteken slik den ligg føre.
2. Administrasjonen får fullmakt til å utføra eventuelle redaksjonelle endringar i årsmeldinga.
3. Årsmeldinga for 2025 blir oversendt eigar innan fristen 31.03.2026.

010/26: Hidlamyrvegen 3 - heildøgnomsorg - drøfting av økonomisk modell for drift av bygget

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram til styret for drøfting.

Behandling i Øygarden bustadforvaltning KF - styret 09.03.2026:

Saka vart drøfta i møtet. ØBF si oppgåve er å stille bustader til rådvelde og å drifte desse. Vår økonomiske driftsmodell tek høgde for slik drift basert på erfaringstal. Styret ser det som sjølvstøtt at endra og auka aktivitet som kjem frå kommunen si tenesteyting, må dekkast økonomisk av Øygarden kommune. Styret ser også at mangel på kommunikasjon kan gjere det utfordrande å planlegge godt økonomisk, sjå sak om auke i forskningspremie for 2026.

Vedtak i Øygarden bustadforvaltning KF - styret 09.03.2026 - saksnr. 010/26

Styret ser det som sjølvsagt at det blir innført ein driftsmodell som gjev dekning for reelle kostnader ved drift av bygget i Hidlamyrvegen 3. Styret ber om at dagleg leiar følgjer opp dialog med Øygarden kommune om dette.

011/26: Byggforsikring KLP - 2026

Forslag til vedtak

Saka blir lagt fram for drøfting

Behandling i Øygarden bustadforvaltning KF - styret 09.03.2026:

Saka vart gjennomgått i møtet. Auken i premie er på nær 30% frå 2025 til 2026. ØBF har ikkje hatt anledning til å uttale seg om tilboda i prosessen. Styret støttar at ein gjer ytterlegare undersøkingar og ber om forklaring på kva som ligg til grunn for tilbodet kommunen har godkjent.

Vedtak i Øygarden bustadforvaltning KF - styret 09.03.2026 - saksnr. 011/26

Styret ber om forklaring på kva som ligg til grunn for tilbodet kommunen har godkjent.

012/26: Spørsmål

Forslag til vedtak

Spørsmål med svar og innspel i saka vert teke til orientering.

Behandling i Øygarden bustadforvaltning KF - styret 09.03.2026:

Vedtak i Øygarden bustadforvaltning KF - styret 09.03.2026 - saksnr. 012/26

Det var ingen ubesvarte spørsmål i møtet.